



Hyllestad
kommune

Planstrategi 2016-2020



INNHALD

1. Innleiing – kva er ein planstrategi?	s. 3
2. Medverknad	s. 4
3. Hovudutfordringar	s. 5
4. Nasjonale og regionale føringar	s. 10
5. Prioriterte områder for plan og strategiarbeid 2016 – 2020	s. 13

Vedlegg

Som grunnlag for planstrategien er det utarbeida ulike dokument. Desse er nytta som bakgrunn for dei vurderingar og konklusjonar som er gjort i arbeidet med planstrategien.

Dokumenta er tilgjengelege på heimesida til kommunen. Desse dokumenta er:

[1. Oversikt over gjeldande planar og status](#)

[2. Oversikt over interne kommunale arbeidsplanar](#)

[3. Notat med vurdering av folkehelse. Basert på data frå Folkehelseinstituttet og Fylkespegelen](#)

[4. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging](#)

[5. Kommunale utfordringar. Utkast til notat utarbeida av fylkeskommunen.](#)



1. Innleiing – Kva er ein planstrategi?


I medhald til plan- og bygningslova kapittel 10 og § 10-1 skal kommunen minst ein gong i kvar valperiode, og seinast innan eit år etter at nytt kommunestyre er konstituert, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi.

Den kommunale planstrategien har to hovudføremål:

- Kommunen skal i planstrategien med bakgrunn i utfordringar og utviklingstrekk synleggjere det samla planbehovet til kommunen
- Kommunen skal gjennom planstrategien ta stilling til om det er behov for revisjon av heile eller delar av kommuneplanen.

I planstrategien har vi lagt vekt på at planlegginga skal vere behovsstyrt, og ikkje gjerast meir omfattande enn naudsynt. Planstrategien er ikkje ein plan, men eit enkelt verktøy for politisk styring og prioritering av planbehov, og i kva rekkefølge dei blir prioritert. Den kommunale planstrategien er ikkje juridisk bindande og har derfor ikkje direkte rettsverknad for innbygarane.

Figur 1 syner planhierakiet og samhandling mellom dei ulike delane i kommunen. Kommunal planstrategi utgjer taket i planhierakiet og kan kallast ein plan for planlegging». Strategien gjer oss moglegheit til å jobbe overordna før vi dykker ned i dei konkrete fagområda.



Arbeidet med planstrategien skjer parallelt med oppstart av arbeidet med ny samfunnsdel av kommuneplanen. I arbeidet med samfunnsdelen vil vi gå nærare inn på dei utfordringane kommunen står overfor og utforme naudsynte strategiar for å møte desse. Planstrategien er konsentrert kring planbehova kommunen har ut frå ei vurdering av gjeldande planar og planvedtak.

2. Medverknad

Arbeidet med planstrategien er gjort som ein intern prosess i kommunen. Dette er gjort av di det tidleg vart klart at kommunen treng ein ny samfunnsdel til kommuneplanen og at ein vil legge opp til ein grundig og vid medverknadsprosess knytt til dette arbeidet. Arbeidet med å forme ut eit planprogram for samfunnsdelen er starta opp og alt i denne delen av arbeidet vert det invitert til brei deltaking både frå aktørar i lokalsamfunnet og frå nabokommunar, regionale og statlege aktørar. Også den interne prosessen har vore prega av at arbeidet med samfunnsdelen er sett i gang parallelt.

For å sikre at den kommunale planstrategien ikkje er i utakt med verda omkring er utkast sendt på høyring til nabokommunar, og aktørar på regionalt/nasjonalt nivå. Innspel vert vurdert i sak til politisk handsaming og endringar bakt inn i endeleg utgåve.

Politisk medverknad

For å sikre forankring i dei politiske partia, vart det gjennomført eit møte med formannskapet den 12.01.17. Formannskapet var utvida med representant frå KrF slik at alle partia i kommunestyret var representert. I møtet vart det presentert statistikk og analyse som ligg til grunn for arbeidet med planstrategien og for oppstart av arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Formannskapet vart utfordra til å kome med sine vurderingar av utfordringar vi står framfør no.

Føremålet med denne drøftinga, var å få dei fyrste politiske signala om kva som vert oppfatta som dei viktige utfordringane. Dette skal ligge til grunn for ein vidare dialog både internt og eksternt i kommunen, men og med nabokommunar og regionale og statlege aktørar. Det er laga eit eige referat der dei ulike utfordringane er konkretisert. Formannskapet var samd om at vi i arbeidet må få fram tydelege strategiar for område der vi sjølv har mynde og ressursar til å skape ei endring. Dette må ikkje bli ei ynskjeliste utan fotfeste i realitetane.

Vurderingane frå formannskapet har vore avgjerande for at vi i planstrategien ikkje gjer framlegg om ulike temaplanar no, men har fullt fokus på kommuneplanens samfunnsdel for å sjå samanhengane og meisle ut heilskaplege strategiar.

Involvering av einingane

Planstrategien er utarbeida av plan og utviklingsavdelinga i eit tett samarbeid med dei andre einingsleiarane i kommunen. Planarbeidet har vore handsama i leiargruppa til rådmannen, for å sikre at alle viktige tema vert inkludert og vurdert i planstrategien.

Gjennom heile planprosessen vart planutkast sendt med jamne mellomrom til dei andre einingane, og på denne måten sikra ein seg at alle partar vart involvert.



3. Hovudutfordringar

Befolkningsutviklinga

Det har i Hyllestad kommune vore ein negativ trend i høve til folketalsutviklinga. Sidan 2000 har folketallet blitt redusert med 159 personar. Bakgrunnen for dette er færre barnefødsler i forhold til personar som går bort og generelt meir utflytting enn innflytting. Sjølv år med høg grad av innvandring har kommunen ikkje klart å motverke utflyttinga innanlands. Prognosen syner at folketallet i Hyllestad vil gå ned i framskrivingsperioden med 324 personar. Dette utgjer ein reduksjon på om lag 30 %. Dette er også den største nedgangen blant alle kommunar i fylket. Konsekvensane vil /kan vere endra rammevilkår i frå staten. I 2014 hadde kommunen positiv netto innanlandsk flytting. Også dei 3 fyrste kvartala i 2016 har netto innflyttinga vore positiv.

I framskrivingsperioden venter ein mindre nedgang i aldersgruppa 0-19 år. Den største nedgangen vil vere i aldersgruppa 20 til 66 år. For så å flate ut, og kommunen vil få ein betydeleg auke i aldersgruppa +80 år. Det er i hovudsak ungdomen som dreg ut, anten for studiar eller jobb. I høve til helse og omsorgstenester kan ein forvente ein auke gruppa eldre +80.

Fråflytting kan føre til ein redusert etterspurnad etter bustader i kommunen, slik at dei som skal selje sine bustader må realisere eit verditap. Kommunen kan bli sitjande med unytta infrastruktur og kapitalkostnader knytt til nedlagde bygningar og anlegg. For andre typar tenester kan befolkningsgrunnlaget verte for lågt til at tilbod kan oppretthaldast. Mange som synes at det gode livet eigentleg er på landsbygda, får dermed velferda redusert på grunn av sentraliseringa. Slike endringar vert ofte omtalt som «uttynning» av lokalsamfunnet. I Hyllestad er det fyrst og fremst ungdomen som dreg, og prognosane syner at det er den same gruppa som kjem til å flytte i framtida også.

Klima- og miljøutfordringar

Vi er inne i ei tid der menneskeleg aktivitet påverkar biosfæren i større grad enn nokon gong tidlegare. Mellom anna bidreg menneskeskapte utslepp av klimagassar til global oppvarming og klimaendringar over heile verda. Målet er å nå FN-sitt klimamål som er fastsett i Paris-avtalen som forpliktar partane til å redusere sine utslepp av klimagassar og rapportere jamleg på framdrifta. Den globale temperaturauken skal haldast under 2°C, men avtalepartane har no sett seg mål om å stabilisere den på 1,5°C. Utfordringar knytt til klima må mellom anna og sjåast i samanheng med utrydding av artar og tap av biologisk mangfald, endringar i dei biokjemiske livsløpa på jorda og endringar i arealbruk som følgje av urbanisering og menneskeleg aktivitet. Klimaendringane er uansett både eit miljøproblem og eit samfunnsproblem, der vi er sårbare for endringane i klimaet.

Utfordringane for Hyllestad er i hovudsak knytt til klimagassutslepp og sårbarheit for eit endra klima. Å arbeide med klimatilpassing i planlegging og vedlikehald er viktig for å vere budd på klimaendringane.



For å redusere sårbarheita for eit endra klima må det setjast i verk tiltak for å redusere utslepp frå transportsektoren, drift av bygningar m.m. Klimatilpassing må inkluderast i planarbeid og vedlikehald, for å redusere eller eliminere negative konsekvensar og kostnader ved m.a. heva havnivå, ekstremvær, ras og flaum. Hyllestad kommune vil sjå på kva dei kan gjere av tiltak for å redusere utslepp og må også vurdere korleis dei kan utforme si miljøleing. I tillegg stiller utfordringane oss overfor større krav til å gjere ROS analyser ved planlegging av nye areal til byggeføremål og til utvikling av viktig infrastruktur.

Risiko og sårbarheit

Det er satt i gang ein gjennomgang av risikobiletet og utfordringar som kan utfordre kommunen i framtida. Næringslivet, offentlege aktørar og organisasjonar er med i arbeidet. Hyllestad som samfunn har i stor grad dei same risikoutfordringane dei fleste kommunane i fylket har, men har og spesifikke utfordringar knytt til spesifikke næringer, ulike geografiske område og infrastruktur. Gjennom arbeid med ei heilskapleg ROS analyse vil det spesifikke risikobiletet bli konkretisert og vurdert i lys av kva for forebyggande og beredskapsmessige tiltak det er mogleg å sette i verk.

Sentralisering

Ein stadig større del av befolkninga i fylket bur i eller nær større bysentra, og netto flyttestraumar går frå periferi til sentrum. Dette er ein langsiktig trend som skjer globalt, nasjonalt og i den ein-skilde kommune. Hyllestad har hatt ei langvarig reduksjon i folketalet, og prognosane syner at dette er ei trend som vil fortette om ein ikkje set inn tiltak som kan motverke dette.

Hyllestad har ingen områder/grender med ein befolkningskonsentrasjon som gjer at dei kjem innanfor definisjonen til Statistisk Sentralbyrå på eit tettbygd område. Dei fleste kommunane i fylket har hatt vekst i sentrumskrinsane sina, noko som kan ha vore med å bremse folketalsnedgangen i desse kommunane. I Hyllestad har det vore nedgang i folketalet i alle grunnkretsar frå 2007 til 2016 (med unntak av ein krets der det var inga endring).

Innvandring

Om lag 10 % av innbyggjarane i Hyllestad er innvandrarar, fyrst og fremst frå Europa.

Eit stadig meir fleirkulturelt Hyllestad krev at kommunen lukkast med inkludering på alle nivå i samfunnet. Kommunen, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor er dei som står nærast dei konkrete utfordringane. I dette arbeidet er god språkopplæring avgjerande viktig. For flyktningane handlar det også om å bli inkludert i arbeidslivet. Felles for både arbeidsinnvandrane og flyktningane er at dei må oppleve å vere ein del av samfunnslivet på staden dei bur.

Kultur- og fritidstilbod som legg til rette for gode møteplassar vil vere viktige bidrag i dette arbeidet. Dette gjeld også generelt for alle tilflyttarar til kommunen.

Ei viktig rolle vil vere å legge til rette for eit godt samspel mellom dei aktørane som kan påverke arbeidet med inkludering i positiv retning.

I følgje tal frå NAV er det stor arbeidsløyse blant innvandrarar i fylket. Tala syner at arbeidsløysa er seks gonger større enn blant etniske nordmenn. NAV kan heller ikkje sjå nokre positive utviklingstrekk framover på dette området. Informasjon både frå NAV og IMDI syner at fylket skårar lågare både i høve til norskopplæring og med busetting av flyktningar, enn andre fylke. Forsking syner at ein nøkkelfaktor i høve til ei vellukka integrering er å kunne snakke norsk.



Arbeidsinnvandringa har i stor grad har forsynt lokale bedrifter med arbeidskrafta dei treng for å halde arbeidet ved like eller utvikle seg vidare og har bidrege til at nedgangen i folketallet har vore mindre enn den elles ville ha vore.

Arbeidsplassar, sysselsetting og pendling

Det har ikkje vore store endringar i sysselsettinga i kommunen i perioden frå 2008 til 2014. Den prosentvise største endringa vi kan sjå er på 47 % innanfor landbruket. Dette er ei reduksjon ein kan sjå i dei fleste kommunane i fylket. Den største auka i sysselsetting finn ein innanfor det offentlege med over 25 %. Dette heng fyrst og fremst saman med ei auke innanfor det kommunale velferdstilbodet. Totalt er delen sysselsette i kommunen redusert med 33.

I Hyllestad kommune er det mange som pendlar ut for å jobbe, men det er også ein del som pendlar inn i kommunen. Tala syner at det er 244 personar som i 2014 pendla inn i kommunen og 188 personar som pendla ut av kommunen.

Talet på sysselsette, busett i Hyllestad, går jamt nedover med nokre få personar kvart år sidan 2009. I løpet av 2014 er fallet i talet på sysselsette busett i Hyllestad faktisk på sitt høgste på mange år. 732 sysselsette personar var busette i kommunen ved inngangen til 2014, medan berre 719 ved slutten av året. Samtidig skjer det ein betydeleg vekst i talet på arbeidsplassar i kommunen. Det er 762 arbeidsplassar ved utgangen av 2014, mot berre 705 eit år tidlegare. Resultatet blir at Hyllestad går frå å vere ein netto utpendlingskommune, til å bli ein netto innpendlingskommune dette året.

Overskotet av arbeidsplassar og pendlarar syner at det er eit etterspurnadsdrevet næringsliv som etterspør kompetanse som ikkje finnast i kommunen. Konsekvensane av dette er tap av skattekrone og eit ikkje optimalt rammetilskot frå staten.

Ubalanse mellom kjønna

Hyllestad har ei ubalanse i kjønnsfordelinga i aldersgruppa 20-39 år. Det kan vere ulike årsaka til dette men forskning og statistikk knyt dette tydeleg til veksten i høgare utdanning, som igjen har hatt betydning for endringar i arbeidslivet. Folketalsprognosen som ligg til grunn for dei analysane som er gjorde syner eit vedvarande underskot av kvinner i høve til menn i kommunen. Sentralisering og utdanningsekspløsjonen dei siste 30-40 åra vert peika på som orsakar til dette, der kvinner i større grad enn menn utdannar seg. Tal i dag syner ei fordeling på 65/35 prosent til fordel for kvinner i høgare utdanning. Mange flyttar på seg for å ta utdanning og dei buset seg i byar der sjansane er større for jobb, karriere og fagleg utvikling. I følge sosiolog Kåre Heggen gjer bygdejentene som innvandrarentene. Dei gjer meir skulearbeid og dei skaffar seg høgare utdanning enn byjentene og bygdegutane. Samstundes gjer denne prosessen at dei i større grad endrar haldningar og perspektiv på livet, slik at avstanden til bygda veks. At Hyllestad har ein lågare del kvinner med høg utdanning kan og ha sin årsak i det faktum at næringsstruktur i liten grad har klart å ta opp i seg den store auken i kvinner med høgare utdanning av di det er mangel på mangfald i arbeidsplassar i Hyllestad.

Folkehelse

Folkehelseprofilen frå Folkehelseinstituttet viser at kommunen ikkje avvik særleg frå landsgjennomsnittet, men sett over tid, kan det sjå ut for art ein har ei utfordring når det gjeld hjerte- og



karsjukdom. Det er fleire faktorar som indikerer at det er livsstilsutfordringar i befolkninga. Ein avvik også når det gjeld drikkevasskvaliteten, men dette skuldast at statistikken er frå tida før utbygginga av Sørbyvåg vassverk, og at det er relativt få abonnentar tilknytt offentleg vassverk. (*status no*)

Vurdering av strategiar og mål for området vil bli del av arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen, som eit breiare fokus på røyking, alkohol, kosthald, fysisk aktivitet og psykisk helse. Mål, strategiar og tiltak for å handtere dei auka behova som følgje av veksten i tal eldre, skal avklarast gjennom rullering av helse- og omsorgsplanen.

Helse- og omsorgstenesta

Omsorgstenesta i kommunen i høve eldre, er tilpassa det behovet ein har på eldrebustadar og ulike tenester. Fram mot 2040 aukar tal eldre og i aldersgruppa 80+ vert den nesten dobla. Det vil primært vere helse- og omsorgstenestene som må riggast for å møte denne situasjonen. Ei utfordring er at ein kan rekne med at dei fleste i denne gruppa ikkje vil ha nær familie i nærleiken. Dette vil stille krav til bustadutvikling og til tenesteutviklinga. Samhandlingsreforma, med overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta utan at dei er finansiert, er ei økonomisk utfordring og pressar tenesteutviklinga i høve eldre og sjuke.

Kommunen har i dag balanse i tal sjukeheimplassar og omsorgsbustadar men dette vil bli utfordra i åra som kjem. Sosiale tiltak mot isolasjon og einsemd må utviklast og vidareførast, der samarbeidet med frivillig arbeid vert viktig. *Helse- og omsorgsplanen 2012 - 2020* har vore retningsgjevande for satsinga. Utfordringane vidare vil krevje at ein gjer nye vurderingar av behov og innretning av tenester og bustadtilbod i løpet av få år.

Skule og oppvekst

Framskrivning av folketalsutviklinga syner at Hyllestad vil få ein auke i den yngste aldersgruppa fram mot 2030 og at det då er behov for å utvide kapasiteten i barnehagen med ei ny avdeling. I skulen er det ein vedvarande nedgang i elevtalet fram til om lag 2025 (rundt 100 elevar), men så vil elevtalet ta seg opp att.

Ulike målingar syner at vi har gode resultat i barnehage og skule. *Skulebidragsindikatorane* som nyleg vart lansert, syner at skulen i Hyllestad fekk ei positiv uttelling når ein tok omsyn til utdanning, innvandring og inntekt. Det er ein strategi å arbeide førebyggjande (i vidt perspektiv) gjennom fysisk aktivitet og ulike trivselstiltak i skulen.

Generelt kan ein sei at utdannings- og inntektsnivået i kommunen er lågt. Vi har i tillegg ein relativt høg del innvandrarakar. Hovudsakleg austeuropearar, men etter kvart også ein del syriske og eritreiske flyktningar. For å kunne utnytte dette positivt må busetting og integrering vere eit fokusområde. Også samspel med lag, organisasjonar og frivillig arbeid er ein nøkkelfaktor i å utvikle det



sosiale limet i kommunen. Ei meningsfull fritid er ofte det vi strevar for. I Hyllestad kan fritida vere givande for mange, men ein manglar gode uformelle møteplassar.

Tekniske tenester

Kommunen har ansvar for infrastruktur som til dels har behov for store utbetringar. Både på bygningar, bruer og vegar er det behov for å halde vedlikehaldet oppe for å ta igjen forfall. rre på bruer er det estimert utbetningskostnadar. Vedlikehaldet er viktig både i høve bruk av bygg og infrastruktur, men og i høve å førebygge flaum og forverra tilstandar gjennom til dømes mykje nedbør og dårleg vedlikehald på stikkrenner m.m.

Vegstandarden i kommunen, både fylkesvegnettet og det kommunale vegnettet, er ei stor utfordring og ein barriere for styrka næringsutvikling og busetnad i kommunen. Kommunikasjonen er ein viktig faktor også for det sosiale livet og kontakten mellom dei ulike grendene.

Innan vassforsyning er nye Sørbovåg vassverk etablert med ei forbetra vasskjelde. Hyllestad vassverk er i same periode blitt oppgradert. Analysane ifrå 2015-2016 syner ingen spor av e-coli og er av generell god kvalitet.

Brannvernet har hatt eit dårleg samband fram til 2016, men har no fått på plass det nye naudnett, som skal fungere godt. Det er og sett av 2,5 mill. kr. til ny tankbil og mannskapsbil i vedteken økonomiplan for 2017 for å styrke førsteinnsats ved akutte hendingar.

Kommunen følgjer opp tilskotsordninga til NKOM og søker årlege midlar til utbygging av breiband gjennom fylkeskommunen. Det er sett av 1 million årleg for utbygging av breiband frå 2016-2020.

Kommunen har eit mangelfullt planverk når det gjeld samferdsel og infrastruktur.



4. Nasjonale og regionale føringar

Nasjonale forventningar

Dei nasjonale forventningane skal leggjast til grunn for arbeidet til dei nye kommunestyra med kommunale planstrategiar og planar. Dei nasjonale forventningane skal også leggjast til grunn for korleis dei statlege styresmaktene skal ta del i planlegginga. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at kommunane legg særleg vekt på i planlegginga i åra som kjem, og er retningsgivande for kommunal planlegging. Kommunane har ansvar for å finne heilskaplege løysingar, der ein har både lokale forhold og lokalpolitiske interesser og omsyn i tankane – saman med nasjonale og viktige regionale interesser.

Dei nasjonale forventningane ved starten på denne runden av kommunale (og regionale planstrategiar), utgitt i juni 2015, hadde fokus på tre områder:

- Gode og effektive planprosessar.
- Planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde spesielt.

Konkretiserte forventningar av relevans for arbeidet med planstrategien:

Forventningar til gode og effektive planprosessar (relevant for planstrategien)

- Kommunane baserer planforslag og avgjerder på eit godt og oppdatert kunnskapsgrunnlag, og sikrar nasjonale og viktige regionale interesser.
- Kommunane nyttar regionalt planforum aktivt.
- Kommunane tek i bruk moglegheitene som ligg i plan- og bygningslova for prioriteringar og forenklingar.
- Kommunane oppdaterer overordna planar, unngår fleire plannivå enn nødvendig, sørgjer for tenleg detaljering og tek i bruk moglegheitene for parallell plan- og byggesaksbehandling.

Forventningar til planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling

- Kommunane legg vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester.
- Kommunane tek omsyn til klimaendringar og risiko og sårbarheit i samfunns- og arealplanlegginga.
- Kommunane sikrar at det blir utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalysar for utbyggingsplanar, som gir eit godt kunnskapsgrunnlag for å førebyggje og redusere aktuelle risiko- og sårbarheitsforhold. Ein tek særleg omsyn til naturfarar og eksisterande og framtidige klimaendringar.
- Kommunane identifiserer viktige verdiar av naturmangfald og landskap, friluftsliv, kulturminne og kulturmiljø, og tek omsyn til desse i regionale og kommunale planar. Den tilgjengeleg kunnskapen blir teken aktivt i bruk, og ein trekkjer fram og tek omsyn til dei samla verknadene.
- Fylkeskommunane og kommunane samarbeider om planlegging for verdiskaping, berekraftig næringsutvikling og innovasjon i partnerskap med næringslivet og regionale og lokale aktørar. Ein set av nok areal til næringsutvikling som bidreg til behova i næringslivet, og som er lokaliserte utifrå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.



- Kommunane sikrar viktige jordbruksområde og legg til rette for nye og grønne næringar som er knytte til jordbruk og skogbruk. Døme kan vere grønt reiseliv, mat med lokal identitet og utnytting av bioenergi.
- Kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa i kystsoneplanlegginga og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Arealbehovet blir sett i eit regionalt perspektiv.
- Kommunane sikrar tilgjenge til gode mineralreservar for mogleg utvinning og veg dette opp mot miljøomsyn og andre samfunnsinteresser. Behovet for og tilgangen til byggjeråstoff blir sett i ein regional samanheng.

Forventningar til planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde spesielt

- Gjennom planlegginga trekkjer kommunane langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og store samhengande landbruks-, natur- og friluftsområde. Staten, fylkeskommunane og kommunane legg vedtekne planar til grunn for egne vedtak.
- Den kommunale planlegginga legg til rette for nok og variert bustadbygging, lokalisert ut frå omsynet til samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.
- Kommunane sikrar høg arealutnytting rundt kollektivknutepunkt, legg til rette for auka bruk av sykkel og gange i dagleglivet, og sikrar samhengande gang- og sykkelsamband av høg kvalitet. Ein utnyttar potensialet for fortetting og transformasjon før ein tek i bruk nye utbyggingsområde.
- Kommunane bidreg aktivt i arbeidet med konseptvalutgreiingar og statlege planar for store samferdselstiltak. Kommunane legg til rette for effektive prosessar og rask behandling av kommunedelplanar og reguleringsplanar for samferdselstiltak.
- Kommunane bidreg i samarbeid med statlege fagstyresmakter til at godsterminalar og hamner blir prioriterte i planlegginga, og at desse blir utvikla som effektive logistikknutepunkt.
- Kommunane har ein aktiv og heilskapleg sentrumspolitikkk for å skape eit godt og levande bymiljø. Kommunane legg til rette for etablering av bustader, arbeidsplassar, handel, service og sosiale møteplassar i sentrum. Ein bør leggje vekt på å få til eit forpliktande samarbeid mellom kommunen og det private næringslivet. Arkitektur, kulturminne, landskapsverdiar, vatn og grønne element blir tekne aktivt i bruk som ressursar i sentrumsutviklinga.
- Kommunane sikrar trygge og helsefremjande bu- og oppvekstmiljø, frie for skadeleg støy og luftforureining.
- Kommunane tek vare på naturverdiane og legg til rette for fysisk aktivitet og trivsel for heile folket ved å sikre samhengande grønne strukturar, opne vassvegar og nær tilgang til område for leik, idrett, rekreasjon og nærfriluftsliv.



Regionale føringar og forventningar

Kommunen er forplikta til å legge regionale planar til grunn for sitt arbeid. Føremålet med dei regionale planane er å løyse felles utfordringar i fylket, og nokre av desse er og viktige for Hyllestad. Fylkeskommunen har i utarbeidinga av den regionale planstrategien involvert kommunane gjennom drøftingar i dei regionale plannettverka og samla møter med kommunane for å få ei felles forståing av dei utfordringane fylket og den einskilde kommune står overfor. Den regionale planstrategien er difor i stor grad bygd på desse felles behova. For å sikre at det vert samanheng mellom den regionale planlegginga og den kommunale, er ein avhengig av at kommunen vedtek ein planstrategi der dei forpliktar seg til deltaking i prioriterte regionale planarbeid.

Den regionale planstrategien har gjort følgjande vedtak om planarbeid i perioden:

Nye planar

- Strategisk plan for kysten
- Regional plan for kultur
- Regional plan for arealbruk

Revidering/rullering av eksisterande planar

- Regional transportplan
- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Regional plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv
- Regional plan for vassforvaltning
- Regional plan for folkehelse

Strategisk plan for kysten

Dette planarbeidet vil krevje aktiv deltaking frå kommunen si side og frå andre sentrale aktørar i lokalsamfunnet. Planarbeidet må difor inn som del av den samla pakka over planarbeid i perioden.

Arbeidet med planen er alt i gang og fylkeskommunen la i juni 2016 fram planprogram for «*Strategisk plan for kysten 2017- 2025 for Sogn og Fjordane*». Planarbeidet omfattar kommunane Gulen, Solund, Hyllestad, Fjaler, Askvoll, Flora, Bremanger, Vågsøy og Selje. Målet med arbeidet er å utvikle felles forståing for kva utfordringane kystsamfunna har, ressursregistrering og kva felles samfunns mål denne regionen kan eller bør vere med å nå.

Regional plan for kultur og Regional plan for arealbruk

Utarbeiding av ein regional plan for kultur og revisjon av Regional plan for arealbruk er ikkje sett i gang. Det er uklart i kva grad det er forventa at kommunen deltek i dette planarbeidet. Kommunen har difor ikkje vurdert dette som prioriterte planar i perioden, men vil handtere dette innanfor det faste regionale samarbeidet utan spesifikke ressursar.

Revidering/rullering av eksisterande planar

Kommunen vil gjennom administrativ deltaking søkje å ta i vare interessene til Hyllestad i revisjonen av dei regionale planane. Fleire av desse planane er heilt avgjerande for å få til ei god samfunnsutvikling ved å få gjennomslag for mellom anna viktig infrastruktur. Dette arbeidet vert teke i vare av kommunen utan at det vert definert som eige prioriterte planarbeid. Det er høg politisk og administrativ merksemd på desse regionale planprosessane. (Døme: Flaskehalsregistrering)

////////////////////////////////////

6. Prioriterte områder for plan og strategiarbeid 2016 – 2020

Innleiing

Vi gjev her ei samla vurdering av utfordringane for Hyllestad i planperioden og konklusjon, og kva for planarbeid som vert prioritert for å møte desse behova. Gjennom dei årlege budsjetthandlingane vert det klargjort kva for spesifikke ressursar som kommunen prioriterer til å gjennomføre planarbeidet.

Drøfting av strategiske val knytt til samfunnsutviklinga

I kap. 3 Hovudutfordringar, er dei viktige strategiske utfordringane for Hyllestad drøfta. Val av strategiar for å møte desse utfordringane vert ikkje gjort i planstrategien, men vert gjort gjennom revisjon av samfunnsdelen av kommuneplanen. Dei store utfordringane for Hyllestad ligg i folketalsutviklinga, og då både knytt til folketallet, alderssamansetninga, kjønnsfordelinga og innvandring. Desse utfordringane må løysast i eit samspel med næringsutvikling og anna samfunnsutvikling og krev at det

Langsiktig arealbruk

Den framtidige arealbruken vil henge tett saman med dei strategiane kommunen vil legge for utvikling av bustadområde, næringsområde, tettstadutvikling m.m. Det er difor tatt eit val om å utarbeide samfunnsdelen fyrst og i den gje tydelege føringar for arealdelen.

Gjeldande arealplan frå 2009 har lagt til rette for mange områder til fritidsbustadar, mens det er mangel på avsett og ferdig regulerte areal til bustadføremål og mindre bedrifter. For å sikre levande bygder må ein og vurdere kva for bygder som skal kunne utvikle seg vidare og nytte dei moglegheitene som ligg i å definere desse som LNF område med spreidd bustadbygging. Dette vil også forenkle sakshandsaminga og redusere tal dispensasjonar. Hyllestad har og ein lang og rik kulturhistorie som er eit viktig element i nærings- og samfunnsutviklinga. Kjerneområda for kvernsteinsanlegga med omsynssoner vil være viktige avgrensingar for den langsiktige arealbruken.

Parallelt med samfunnsdelen vil det og bli utarbeida ei overordna ROS analyse som vil kunne påverke den langsiktige arealbruken og prioritering mellom område for utbygging.

Planbehova i valperioden

I egne vedlegg er det gitt oversikt over gjeldande kommuneplanar/kommunedelplanar og arbeidsplanar/sectorplanar for verksemda til Hyllestad kommune. Både ved gjennomgang av gjeldande planar og utfordringane i samfunnet og i drifta av kommunen, har det kome opp fleire behov for å endre og vidareutvikle planverket. Samla sett er det behovet for ein ny felles overbygning for alle sektorane og for samfunnsutviklinga som vert sett på som det avgjerande. I planstrategien er det lagt vekt på å prioritere dei planoppgåvene der det er behov for breie og meir omfattande planprosessar. Dersom det er behov for å justere eller fornye meir «operative» planar, kan dette skje



uavhengig av planstrategien, gjennom eit samarbeid mellom dei som er direkte involvert i det spesifikke området.

Nye kommunale planar

Kommunen har ei rad utfordringar knytt både til folkevekst, endringar i demografi, busetnad og næringsutvikling. Utfordringane heng i hop og kommunen meiner den beste måten å møte desse utfordringane på er å få eit heilskapleg grep gjennom revisjon av samfunnsdelen til kommuneplanen. Gjennom arbeidet med samfunnsdelen vil behova for meir avgrensa tematiske og arealmessige planar bli drøfta. Eit konkret planarbeid i denne samanhengen kan være sentrumsplanen for Hyllestad. Som ein del av diskusjonane omkring tettstads- og sentrumsutvikling, må ein ta stilling til om ein skal ta tydelegare vegval. I denne samanheng vil det undervegs i arbeidet med kommuneplanen, bli vurdert om det er behov for å revidere sentrumsplanen for Hyllestad. Dersom det viser seg at dette eller andre konkrete behov ikkje kan bli møtt gjennom gjeldande plan- og strategiar, vil ein då drøfte om det er behov for å sette i gang nye planarbeid, og i så måte justere planstrategien.

Revidering/rullering av gjeldande planar

Kommunen sin samfunnsdel til kommuneplanen er frå 2009. Denne er ikkje tydeleg nok som grunnlag for strategiar og handlingar i høve det utfordringsbiletet vi ser i dag. Det er behov for ein revisjon både av mål, strategiar og prioritering av satsingar. Gjennom arbeidet vil kommunen søkje å samle føringar for dei ulike sektorane, for å redusere behovet for tematiske strategiske planar. Dette vil gjere det lettare å sjå samanhengane og heilskapen i satsingane til kommunen. Ei slik deling vil og tydelegare den rolla politikarane har i å legge føringar, og sektorane sitt ansvar for å konkretisere handlingar og tiltak.

Deltaking i utarbeiding av regionale planar

Kommunen er forplikta til å legge regionale planar til grunn for sitt arbeid. Føremålet med dei regionale planane er å løyse felles utfordringar i fylket, og nokre av desse er og viktige for Hyllestad. Dette gjeld særleg *Strategisk plan for kysten*. Planarbeidet skal sjå meisle ut strategiar for å løyse ut potensialet kysten har for næringsutvikling og samfunnsutvikling basert på lokale ressursane. Dette vil kunne få store positive konsekvensar for Hyllestad men vil og stille krav til Hyllestad som lokalsamfunn. For at Hyllestad skal få effekt av planarbeidet vil det krevje aktiv deltaking frå kommunen si side og frå andre sentrale aktørar i lokalsamfunnet. Dette planarbeidet må difor inn som del av den samla pakka over planarbeid i perioden.

Fylkestinget har og vedteke å utarbeide ein regional plan for kultur og revidere Regional plan for arealbruk. Det er uklart i kva grad og omfang det er forventat at kommunen deltek i dette planarbeidet, men det vert vurdert til å kunne bli handsama innanfor det regionale samarbeidet utan at det vert sett av spesifikke ressursar til dette.



Oversikt over prioritert planarbeid i perioden

PLAN	2016	2017	2018	2019	2020
Kommuneplan samfunnsdel					
Kommuneplan arealdel					
Strategisk plan for kysten					





Hyllestad
kommune

Kommunehuset
6957 HYLLESTAD
www.hyllestad.kommune.no

januar 2017